



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Stranda kommune

Tilsynsdato: 26.01.2017

Rapportdato: 27.03.2017

Innhold

1 BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....	3
1.1 FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2 PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3 TILSYNSTEMA	3
1.4 GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5 GJENNOMFØRING	5
2 HOVUDINNTRYKK	6
3 RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1 AVVIK	7
3.2 MERKNADER	7
4 VIDARE OPPFØLGING.....	8

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkellopplysningene om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	24.05.2016 (formøte) 26.01.2017 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Øyna 13, 6200 Stranda
Kommunenummer:	1525
Kontaktperson i kommunen:	Inge Teigen
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	03.03.2017
Endeleg tilsynsrapport sendt:	27.03.2017
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	10.05.2017

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Stranda kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om communal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om communal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommunen minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om communal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2016.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Overordna Risiko- og Sårbarheitsanalyse	00.00.2015
2.	Beredskapsplan – kriseleriinga	00.08.2016
3.	Beredskapsplan for fjellskred frå Åkneset - høyningsutgåve	00.01.2016
4.	Beredskapsplan for fjellskred frå Hegguraksla - høyningsutgåve	00.01.2016
5.	Beredskapsplan for fjellskred – Aktørplan for Stranda kommune	Ikkje datert
6.	Beredskapsplan for fjellskred – Generell del av aktørplan	Ikkje datert
7.	Beredskapsplan for fjellskred – Aktørplan – Samordning av tiltak Stranda kommune	Ikkje datert
8.	Konsekvensanalyse Fjellskred frå Åkneset	Ikkje datert
9.	NVE – Nasjonal beredskapsplan for fjellskred	00.05.2015
10.	Beredskapsdelplan – Pandemiar	00.10.2013
11.	Beredskapsdelplan – Helsemessig og sosial beredskap	00.10.2013
12.	Plan for tryggleik og beredskap for vassverka i Stranda kommune	00.03.2014
13.	Brannvernplan 2016 – Stranda kommune	11.01.2016
14.	Beredskapsplan mot akutt forurensing for Sunnmøre	10.12.2007
15.	Samarbeid om beredskap mot akutt forurensing på Sunnmøre – Vedtekter	23.04.2007
16.	Oppstartsmelding kommunal planstrategi 2016 – 2020	Ikkje datert
17.	Kommunal planstrategi 2016 – 2019 – Forslag	Ikkje datert
18.	Planprogram – kommuneplanenes samfunnssdel 2016 – 2030	Ikkje datert
19.	Grunnlagsdokument kommunal planstrategi 2016 – 2019	Ikkje datert
20.	Statlig overtakelse av ÅTB IKS – kompensasjon for pådratte investeringskostnader	08.01.2015
21.	Selskapsavtale for ÅTB IKS	09.02.2015
22.	Beredskapsavtale – Sunnylven sanitetslag	21.04.2016
23.	Avtale om slukking av brann m.v.	01.09.2002
24.	Kjemikalieøving Stabburet AS – Kyrkjegata	07.04.2014
25.	Øvelsesdirektiv Streketunnelen 21. oktober 2010 med sluttrapport	Ikkje datert
26.	Kort referat frå møte i kriseleriinga 29.01.2016	29.01.2016
27.	Evalueringsrapport øving Oppskredtunnelen 02.06.16	08.06.2016
28.	Evaluerering/ log frå Øvelse Geiranger 2012	05.06.2012
29.	Evaluerering/ logg frå brannøving Hotell Union Geiranger 24.10.2011	03.11.2011
30.	Heilskapleg ROS-analyse – revidert utgåve	24.02.2017
31.	Overordna Beredskapsplan – revidert utgåve	24.02.2017

1.5 Gjennomføring

Formøte med Stranda kommune vart gjennomført 24.05.2016. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 26.01.2017. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Oppningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Jan Ove Tryggestad	Ordførar		X	X	X
Åse Elin Hole	Rådmann	X	X	X	X
Inge Teigen	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudinntrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd, prøvd og som evaluerer øvingar. Kommunen har hatt møter i kriseleiinga og beredskapsrådet siste åra.

Kommunen har utarbeida heilskapleg ROS-analyse i 2015 som er forankra i kommunestyret, og oppfyller forskriftskrava.

Overordna beredskapsplan er oppdatert i februar 2017, og gjer eit godt overblikk over kommunens ansvar og rolle ved uønskte hendingar og kriser, og kva oppgåvefordelinga er internt. Den synleggjer på ein god måte kva aktivitetar som skal skje gjennom året, gjennom å beskrive eit årshjul med faste aktivitetar. Planen fungerar slik fylkesmannen ser det som eit godt styringsdokument over korleis kommunen arbeider med samfunnstryggleik og beredskap.

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap manglar forankring på strategisk nivå i kommunens sitt overordna planverk, jf. førre tilsyn i 2013.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. Eitt forhold er kommentert som merknad.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Stranda kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, litra a og b.

Utdjupande kommentar:

Stranda kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging er ikkje fastsett, verken i samband med utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse eller i andre strategiske planar. Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal forankrast i kommunens plan og budsjettprosessar, og i den overordna planlegginga etter plan- og bygningslova (kommunal planstrategi, kommuneplanens-samfunnsdel og arealdel). Dette skal sikre at kommunen arbeider heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap på tvers av sektorar.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen bør prioritere høgt lukking av avviket innan rimeleg tid, då avvik vart gjeve på det same forholdet også ved førrre tilsyn.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419